

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.05.2015

Vår ref.: 201300041-5, 200804661-8, 200900564-12,  
201203357-7

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ingri Guren

## **Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje fire kraftverk i Eid og Bremanger kommunar i Sogn og Fjordane – høyring**

NVE har motteke søknadar frå fleire søkarar om løyve til å byggje fire småkraftverk i Eid og Bremanger kommunar. Søknadene skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla. Sjå vedlagde kart for oversikt over sakene og andre vasskraftverk i kommunane.

### **Bremanger kommune**

#### **Sigdestad kraftverk**

Kraftverket vil nytte eit fall på 142 m i Storelva, som renner ut i Ålfoten ved Sigdestadvika. Inntaket vil plasserast på kote 152. Kraftstasjonen er planlagt på kote 10, 100 m ovanfor vegbru på fylkesveg 577. Røyr gata er planlagt på sørsida av elva og vil gravast ned på heile strekinga. Ho blir 980 m lang. Kraftverket er planlagt med ei installert effekt på 9,0 MW og ei maksimal slukeevne på 7,5 m<sup>3</sup>/s, som vil gje ein årleg produksjon på om lag 27 GWh. Middelvassføringa i Storelva er 6,96 m<sup>3</sup>/s. Det er planlagt ei minstevassføring på 320 l/s i perioden 1.5-30.9 og 142 l/s resten av året. Det svarer til 5-persentilvassføringane.

#### **Elde kraftverk**

Kraftverket er planlagt mellom kote 125 og 11 i Eldeelva, som ligg på sørsida av ytre Nordfjord. Vatnet vil førast fram til kraftstasjonen gjennom 1250 m nedgrave røyr på sørsida av elva. Elde kraftverk vil få ei installert effekt på 1,2 MW og ei maksimal slukeevne på 1,15 m<sup>3</sup>/s. Middelvassføringa er på 756 l/s. Det er planlagt ei minstevassføring på 42 l/s heile året, noko som svarer til alminneleg lågvassføring. Årleg produksjon vil bli om lag 4,1 GWh.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### **Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### **Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

#### **Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

#### **Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### **Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

#### **Region Øst**

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

## Eid kommune

### **Stårheim kraftverk**

Stårheim kraftverk vil nytte eit fall på 214,5 meter mellom kote 246,5 og kote 32 i Stårheimselva. Inntaket er planlagd like nedom elvedelet ved Mørehaugen og kraftstasjonen vil bli plassert i nærleiken av Vollen. Røret skal gravast ned, i hovudsak langs eksisterande veg. Øvre del av røyret plasserast på vestsida av elva, så kryssar røyret over til austsida av elva om lag ved Berget. Med ei slukeevne på 2,2 m<sup>3</sup>/s og installert effekt på 3,7 MW vil kraftverket i gjennomsnitt produsere 10,7 GWh per år. Middelvassføringa i Stårheimselva er 1,1 m<sup>3</sup>/s. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 55 l/s heile året, noko som svarer til alminneleg lågvassføring.

### **Kloveelva kraftverk**

Kloveelva kraftverk vil nytte eit fall på 295 meter mellom kote 695 og 400 i Kloveelva. Inntaket er planlagd der bekkane frå Klovevatnet og Støvelsvatnet renn saman. Øvre del av røyret vert gravd ned på austsida av elva, men ved kote 508 kryssar røyret over på vestsida. Kraftstasjonen vert plassert like oppom Styggefossen, oppstrøms eksisterande dam. Med ei slukeevne på 1,19 m<sup>3</sup>/s og installert effekt 2,9 MW vil kraftverket i gjennomsnitt produsere 8,35 GWh/år. Middelvassføringa i Kloveelva er 477 l/s. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s heile året, noko som svarer til alminneleg lågvassføring.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline. For Kloveelva kraftverk søkast det om eigen anleggskonsesjon.

Søknadene skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadene skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknader med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Bremanger kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Servicetorget på Rådhuset fram til **21.8.2015**. Vi ber Eid kommune om å leggje to eksemplar av søknaden på Servicetorget på Rådhuset i Eid i same periode. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstadene.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **21.8.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Ingri Guren  
overingeniør



*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Mottakerliste:

Bremanger kommune

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

Eid kommune

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Miljødirektoratet

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Norges Miljøvernforbund

Norges Padleforbund

SFE Nett AS

Sogn og Fjordane Bondelag

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane Turlag

Statens Vegvesen - region vest

Statnett SF